

Regionalt Brukarutval Helse Vest
Postboks 303
4066 STAVANGER

08.02.10

Helse Vest RHF
Postboks 303
4066 STAVANGER

UTTALE TIL ÅRLEG MELDING 2009 HELSE VEST RHF.

Oppdragsdokument 2010 til Helse Vest RHF, side 23, sitat:

” Det skal gå fram av årleg melding at dei regionale brukarutvala har vore med i utforminga og har behandla rapporten. ”

Utvalet hadde sitt første møte i 2010 den 2. februar og årleg melding var sak nr. 01/10 O. Årleg melding 2009 er eit stort dokument, og det må det også vere. Det er ei stor utfordring å kombinere eit så viktig dokument med den tida som er til rådvelde for gjennomgang og bearbeiding. I møtet fekk utvalet ein grei gjennomgang frå administrasjonen. Medlemene kom med innspel til punkt som dei ynskjer skal kome med i den ferdige versjonen.

Utvalet kan konstatere fylgjande :

I årleg melding 2008 var det for dårleg resultat innan t.d. fristbrot, dekningsgrad innan psykisk helsevern for barn og unge, epikrisetid og korridorpasientar. Utvalet konstaterar at dei desse punkta har betra seg lite i 2009. Utvalet har vanskar med å forstå at ikkje fleire av desse viktige områda er betra gjennom året.

I Helse Vest har det heile tida vore stor underdekning på rehabilitering / opptreningstilbod for personar med kroniske lidningar. Det er nok status også no sjølv om ein kan registrere ei mindre styrking i 2009.

Det regionale brukarutvalet er svært glade for den positive utviklinga som er registrert innan opplæring av pasientar og pårørande. Me tenkjer her først og fremst på den nye kursdatabasen som er utvikla ved LMS Bergen, og som no blir implementert i alle LMS i Helse Vest. Utvalet vil likevel få peike på at omfanget av denne opplæringa må aukast i tida framover, slik at dette viktige tilbodet kan nå ut til endå fleire pasientar og pårørande.

Utvalet vil nemne at det er viktig å arbeide endå meir for å utvikle brukarmedverknaden i heile regionen. I 2009 blei det gjort tiltak for å imøtekome denne utviklinga, og utvalet vil vere aktive og konstruktive i tida framover for å kome fram til gode løysingar innan dette sentrale feltet.

08.02.2010.

Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF

Jostein Melheim (s)
leiar